

Sosial samling i Sogelaget på Kjeldsund 12. November 2020.

Det er ein årleg tradisjon at styret, årets forfattarar av Folk og Fortid, redaktørane, kalendaransvarleg og gode medhjelparar i sogelaget, møtes til ei sosial samling med middag i november. Æresmedlemmane, Steinar Åheim og Per Ståle Moltu, var og inviterte. Per Ståle hadde ikkje høve til å møte.

Nina Bø presenterte æresmedlemmane, og las omtalen dei fekk av Johan Moltu på årsmøte.

Alle forfattarane vart presenterte etter tur. Dei vart intervjuja av redaktørane, og gav utfyllande opplysningar om bakgrunnen for dei einskilde artiklane.

Styret vart og presentert, samt gode medhjelparar av sogelaget.

Redaktørane av Folk og Fortid gav uttrykk for å ha eit godt samarbeid. Dei har god kompetanse og dei utfyller kvarandre godt. Dei kjem til å halde fram inntil vidare, men det blir ikkje lett å finne nokon som kan erstatte dei.

Knut Arne Høyvik heldt eit interessant og humoristisk kåseri om korleis han opplevde som 13 åring å gå rundt i bygda og selge julehefter for ulike misjonsforeiningar.

Til slutt var det ein quiz leia av Ole Arild Bøe med spørsmål frå årets Folk og Fortid.

Det var ei god atmosfære og ein triveleg kveld.

Ref Johanne

